

Møteprotokoll Nysæter sokneråd 6.oktober 2021

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Onsdag 6.oktober 2021 kl. <u>17.00-19.00.</u>
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Kaffi:	Karen Marie Valvatne
Opning:	Jørgen Knudsen

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Innkalla: Oddbjørg K. Løkling, Heine Kaldefoss, Marta Kristin Valvatne, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Marit S. Grimstad, Jørgen Knudsen (geistleg representant), Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten

Forfall: Jens Arne Stautland, Ingebjørg R Grønsdal, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten.

SAKLISTE

2022/35- 012.1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

2021/36 -012.1: Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 7.september 2021

Vedtak: Godkjent

2021/ 37 - 217 : Politiattest for frivillige medarbeidarar

Saksutgreiing: Trusopplæringsutvalet har bede soknerådet om å setja rutinar for innhenting av politiattest på sakskartet. Trusopplæringsutvalet ser eit behov for:

1. Vedtak om rutinar for å hente inn politiattest frå frivillige medarbeidarar i Nysæter kyrkjelyd. Denne må ikkje gje rom for feiltolking.
2. Konkrete retningslinjer og rutinar for korleis me skal hente inn politiattestar og kven som har ansvaret for å hente inn desse.

Relevant utgreiing utarbeidd av KA på tema:

https://www.ka.no/_service/300851/download/id/326539/name/Forslag-retningslinjerpoltiattest.pdf

Vedtak:

Med heimel i trussamfunnslova §20 vedtek Nysæter sokneråd at medarbeidarar som skal utføre oppgåver eller inneha tillitsverv der dei vil ha omsorg for eller oppgåver knytt til mindreårige eller personar med utviklingshemming, skal leggja fram politiattest som nemnt i politiregisterlova §39 første ledd (barneomsorgsattest). Kravet gjeld medarbeidarar over 15 år som utfører slike oppgåver: - Regelmessig (3 gonger eller meir per semester), og/eller - I samband med tiltak som inneber overnatting.

Frivillige organisasjonar som ivaretek oppgåver på vegne av Nysæter sokneråd skal ha etablert forsvarleg ordning for innhenting av politiattest i organisasjonens eigen regi.

Møteprotokoll Nysæter sokneråd 6.oktober 2021

Hovudregelen er at ein merknad på barneomsorgsattesten medfører at personen blir sett som uaktuell for arbeid med born og unge eller personar med utviklingshemming inntil merknadane vert sletta. Leiar i soknerådet samarbeider med Stord sokneråd og administrasjonen på kyrkjekontoret om å utarbeide eit forslag til konkrete retningslinjer og rutinar for korleis innhenting av politiattest skal gå føre seg og kven som har ansvaret for å hente desse inn.

2021/38 - 120 **Særskilt tilskot frå kyrkjerådet /koronamidlar.**

Saksutgreiing: Sitat frå skriv:

«Særskilt tilskudd til frivillig innsats i menigheter i Den norske kirke grunnet covid-19 utbruddet : Den norske kirke ved Kirkerådet har ved brev av 25. juni 2021 fra Kulturdepartementet mottatt et engangstilskudd på 18 millioner kroner. I brevet heter det: Formålet med tilskuddet er å støtte opp under frivillighetspolitiske mål om bred deltakelse og mangfold og avhjelpe organisasjoner med frivillig innsats gjennom den pågående covid-19- krisen gjennom å stimulere til aktivitet innenfor rammene av smittevernrestriksjoner gitt av offentlige myndigheter som følge av covid-19. Tilskuddet skal gå til menigheter i Den norske kirke med frivillig innsats, som har hatt merkostnader og/eller mindreinntekter som følge av covid-19-utbruddet i perioden. Midlene skal brukes i den frivillig- og ikke fortjenestebaserte virksomheten til menighetene. Midlene kan ikke brukes til ordinære driftsoppgaver, investeringer, avskrivninger og avdrag på lån. Kirkerådet har i samråd med KA besluttet å videreføre tilskuddet i sin helhet til alle landets kirkelige fellesråd. Vi har basert fordelingen på den nøkkelen KA har brukt for å fordele kostnader ved tidligere anledninger. Innenfor vilkårene i brevet fra KUD og foreliggende brev, vil det være opp til fellesrådene å vurdere hvordan tilskuddet best kan utnyttes i fellesråds-området og hvordan det derved bør fordeles blant menighetene. Utbetaling til fellesrådene vil ventelig skje primo juli i år.»

Det er fellesrådet som har blitt tildelt midlar på kr.60.000. Soknerådet må søkje fellesrådet for å få del i desse midlane.

Vedtak: Soknerådet søker å dekke meirkostnader knytt til tiltak som ikkje vart gjennomført grunna koronarestriksjonar. Dette gjeld Salmekveld og «Messe for ei såra jord» der kantor Bjarte Aadland var ansvarleg for arrangementa. Det er òg gjennomført « Bli kjend tur» til Solgry for konfirmantar. Her var det leige av buss og leige av leirstaden med kostnader for 27 konfirmantar a kr 184 ,- + mva: 6210kr + grunnleige av Solgry. Trusopplærar Elisabeth Fauskanger var ansvarleg for arrangementet.

AU sender søknad til Fellesrådet og legg rekneskap ved.

2021/39 - 365 Kyrkjekaffi

Saksutgreiing: Grunna koronarestriksjonar har det ikkje vore kyrkjekaffi det siste året. Søndag 26.sept hadde me ein spontan kyrkjekaffi ute i vestibylen. Mange stoppa og tok del i kyrkjekaffien. Dette har vore eit sakn. Soknerådet har tidlegare sagt at dei ynskjer å ha kyrkjekaffi. Korleis ser soknerådet på dette no?

Møteprotokoll Nysæter sokneråd 6.oktober 2021

Katrine Kvernenes, Karen Marie Valvatne, Marit Grimstad , Oddbjørg og John Oddvar Løkling kan delta, men det må fleire på lista.

Vedtak: Soknerådet ynskjer at me i utgangspunktet har kyrkjekaffi kvar søndag og at denne vert laga til i vestibylen eller i midtgongen på trillebordet: kaffi, kjeks, pappkrus og serviettar.

Me utfordrar Jens Arne og Helga Stautland til å ta ansvar for organiseringa.

Marit Grimstad utfordrar dei. Soknerådet jobbar med å få fleire namn på lista.

- **Drøftingssaker:**

- **Innleiande handsaming av NyKO-høyringa.**

Me drøfta oss gjennom hovudpunkta 7- 9.

Skrivar sender notatene til Jørgen Knudsen som samordnar og held oss oppdaterete.

- **Manglande lys på gravplassen.** Det er observert eit mørkt område på gravplassen der det lett kan oppstå farlege situasjonar i mørkret. Me bed Fellesrådet granska dette.

- **Dåpsvertar:** Me ynskjer at kyrkjekontoret tek ansvar for dåpsvertlista: ser kven som framleis seier seg villig å stå på denne lista og sender ut mail til alle desse når dåp er bestemt. Vertane melder seg på når dei veit dei kan. Me jobbar samtidig med å få fleire yngre på denne lista.

Referat og meldingar:

- Møtebok Stord
- Møtebok Fellesrådet
- Møtebok frå gudstenesteutvalet

Generell info:

- a. Kyrkjelege aktivitetar framover
- b Gudstenestene framover

Marit Stalheim Grimstad
Soknerådsleiar
Sign

Oddbjørg K. Løkling
Nestleiar /referent
Sign

Felles soknerådsmøte onsdag 20.oktober kl. 18.00 i Nysæter kyrkje

Neste møte i soknerådet vert 2.november i Nysæter kyrkje kl. 17.00-19.00

Opning: Oddbjørg K. Løkling
Kaffi: Jens Arne Stautland